

Appell til motstandskampens dag

I dag er ein veldig viktig dag, fordi i dag den 9. mai, Motstandskampens dag, så skal me hedra dei modige menneska som kjempa for oss i krigen.

I år var det 74 år sidan krigen var over og Noreg var igjen eit fritt land, frie for den tyske okkupasjonsmakta.

På skulen lærer me om MOT. Mot til å seia ifrå, mot til å vera seg sjølv og mot til å stå for egne verdiar. Dette trur eg er verdiar som motstandskjemparane sette høgt, og eg trur dei ville sett pris på at desse verdiane er viktige for ungdom den dag i dag.

Eg klarar ikkje å sjå føre meg å leva i frykt som dei gjorde under krigen. Frykt for å bli arresterte. Frykt for å bli torturert, for å bli sendt i fangeleir. Frykt for at nokon i familien skulle bli tekne. Frykt for andre sine liv. Frykt for eige liv. Frykt for framtida. Trass denne frykta kjempa likevel mange menneske for landet vårt og fridomen vår, og det takkar eg for.

I dag er me samla her for å minnast dei som gav livet sitt for våre liv, for fridommen vår. For meg betyr fridom at eg kan gjera kva eg vil, eg kan gå på kva for ein skule eg vil, seia kva eg vil og at me er ein eigen nasjon. Eg kan vifta med det norske flagget, og eg treng ikkje å vera redd i mitt eige land.

Eg håpar at me aldri igjen treng å oppleva det som folk opplevde under krigen. Sjølv om motstandskampen mot nazistane tok slutt for mange år sidan, så betyr ikkje det at det aldri vil skje igjen. Me må fortsetja kampen mot rasisme og hat mot andre menneske. Folk burde aldri måtte leva med krig.